

2. september 1992
KOMVÅPEN/KUDIVERS

REGLEMENT FOR BRUK AV KOMMUNEVÅPEN FOR FYRESDAL

§ 1 DEFINISJON

Fyresdal kommune sitt våpen, fastsett i kongelig resolusjon den 24. april 1992 er:

Fyresdal kommune sitt våpen er:
På grøn botn to skråstilte sylv øksar, 1-1.

Fyresdal kommune sitt flagg er:
På grøn botn to skråstilte kvite øksar, 1-1.

Kommunen sitt flagg skal ha kvadratisk form.

Til dekorativ bruk kan våpenet formast som vimpel eller hengande banner. Identiteten og den heraldiske stilen på våpenet må vernast.

§ 2 GENERELLE FØRESEGNER FOR BRUK AV VÅPEN

Eigedomsrett og bruksrett:

Våpenet er kommunen sin eigedom.

Som hovudregel kan våpenet bare brukast av administrasjon og institusjonar i kommunen, samt einskildpersonar i eigenskap av kommunal myndigheit.

Våpenet må ikkje brukast slik at det kan bli oppfatta som private kjenneteikn. Private kjenneteikn må heller ikkje stillast saman med våpnet.

Rådmannen ser til at reglane for bruk og utforming blir haldne, og handsamar og avgjer søknader om dispensasjon.

§ 3 BRUK AV VÅPENSKJOLD

Våpenskjold skal brukast med grøn og sylv farge om ikkje særskilte føresegner er gjeven.

Våpenskjoldet kan brukast som eigemerke på bygningar, bilar og andre føremål. Våpenskjold i fargar kan brukast til jakkemerke m.m. etter løyve frå rådmannen.

§ 4 BRUK AV KOMMUNEFLAGG

Flagget kan heisast når kommunestyre/fylkesting har møte.

Foreningar og organisasjonar kan ikkje bruke kommuneflagget utan løyve frå rådmannen.

§ 5 BRUK AV VÅPEN I FANER, VIMPLAR, BANNER

Våpen kan utførast tverrskore eller i vimpelform i bordflagg, vimpel og fane, til bruk som dekorasjon ved kommunale tilstellingar. Utforminga skal godkjennast av rådmannen.

For produksjon og bruk av andre ikkje kommunale organ, som foreningar, organisasjonar eller bedrifter, kan løyve gjevast av rådmannen etter søknad.

§ 6 BRUK AV VÅPEN I STEMPEL OG SEGL

Våpen kan brukast utan skjoldinnfatning med etaten eller institusjonen sitt namn skrive i ein ring langs kanten.

Segl kan framstillast som oblat-segl til bruk på dokument til lukking av konvoluttar m.m.

Utforming og størrelse på stempel/segel skal godkjennast av rådmannen.

§ 7 UTFORMING AV VÅPENET

Våpenet kan utformast i ulike typar, teknikkar og materialar.

Kvar utforming av våpenet må fylgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormene med rette fargar, former og proporsjonar.